

Nettverket for tydeleg og einskapleg nynorsk

v/Arvid Langeland

ar.l@online.no

Voss, den 7. april 2026

Høyringsfråsegn om framlegg til rettskrivingsendringar i nynorsk og bokmål 2026

3.1 Endring av genusnormering

heft 'feste'

I www.ordbøkene.no finn me denne setningi: *Murblokker som gjev godt heft for murpuss.* Me stiller spørsmål ved om ordi 'heft' n. og hefte n. eigentleg har tydingi 'feste' på nynorsk. Korkje Norsk Ordbog (1873) eller Norsk Ordbok band 5 nemner ei slik tyding.

korpus 'samling av (tekst)materiale'

Me støttar framlegget om at 'korpus i tydingi 'samling av (tekst)materiale' kan vera inkjekjønn.

prolaps

Me støttar framlegget (m/n). Sjå òg under 'struma' nedanfor.

skål 'det å skåle og drikke som helsing eller for å ære nokon'

Me støttar **ikkje** framlegget. Me held fast på f.

snakk

Me støttar **ikkje** framlegget. Stabilitet.

snufs

Me støttar framlegget (m/n).

stakitt

Me støttar **ikkje** framlegget. Me held fast på n. Grunnlaget til endring er for veikt.

stress

Me støttar framlegget (n).

struma

Me støttar **ikkje** framlegget (m/n). Søk i nettbiblioteket - www.nb.no:

'strumaen' – 275 treff, søk på 'strumaet' – 56 treff; søk på 'prolapsen' – 289 treff, søk på prolapsen 200;

sukk

Me støttar framlegget (m/n), jf. smil, snufs.

tartan 'materiale brukt som dekke på idrettsbane' m. el n.

Norsk Ordbok band 11 kom ut i 2013. Ho fører opp **I tartan** m, n i tydingi skotskrutt ullvevnad, rutemønstra (ull)stoff og **II tartan** n syntetisk materiale som vert nytta til dekkje på idrottsbanar.

Dette er so lite brukte ord at me bør kunna leva godt med å lata det vera slik nokre år og so vurdera det att når me har fenge eit betre grunnlag.

3.2 Normering av substantivet tuppel og ord på -uppel

Framlegg 1) Substantivet tuppel får valfritt hankjønn eller inkjekjønn i nynorsk og bokmål. Ordet får da desse bøyingsformene: nynorsk: ein tuppel – tuppelen – tuplar – tuplane eller eit tuppel – tuppelet – tuppel – tupla

Ingen merknad.

3.3 Normering av ord med kort vokal: bag(g), gag(g), handikap(p), hit(t), hot(t), jet(t), kred(d), lab(b), peg(g), pop(p), skip(p), tab(b) og tub(b); pepp, plott og putt

I *Nynorsk ordliste – tradisjonell og einskapleg norm er det normert slik:*

- 1) bag -en, gag -en, handikap -et, hit -en, hot -en, jet -en, kred -en, lab -en, (laboratorium), peg -en, pop -en, skip -en, tab -en, og tub el tubb -en (tuberkolose)
- 2) pep el pepp -en, plot el plott -et og putt.

Ordi som er markerte med gult er ikkje oppførde i ordlista.

3.4 Normering av stadnamnet Tyrol/Tirol og tilhøyrande ord

Me ynskjer ingi endring.

3.5 Normering av underfrå og -fra

Framlegg

Adverbet underfrå (nynorsk) og underfra (bokmål) blir normert med desse skrivemåtane.

Grunngjeving

Saka dreier seg om nynormering av adverbet underfrå/underfra. Dette adverbet kvalifiserer til å få artikkel i standardordbøkene, og det må derfor fastsetjast normerte skrivemåtar.

Nettverket:

Adverbet underfrå er ikkje nemnt i Ivar Aasen: *Norsk Ordbog* (1873) eller i Norsk Ordbok band 11.

Søk i nettbiblioteket i kveld: 31 treff i avisor frå 1910 til i dag, men 9 av dei var feillesing og 2 var på bokmål.

Her er tri døme. Tradisjonell seiemåte er sett i skarpe klombrer etter kvart døme.

Horda Tidend, 27.01.1953: «so hev dei ein gong vorte pressa upp underfrå» > [nedanfrå]

Bømlo-Nytt, 06.02.2004: «rekna han med at det ville gro godt opp underfrå i organisasjonen» > [nedanfrå]

Vaksdalsposten, 27.01.2015: «Underfrå gjorde kaldt myrvatn no sitt til at kroppstemperaturen hennar no vart farleg låg.» > [frå undersida]

Me meiner at det er for tunt grunnlag til å taka inn `underfrå`.

3.6 Normering av substantivet tics/tiks og verbet ticse/tikse

Me rår til slik oppføring:

fleire *tics* – *dei ticsa* /les: *tiks* – *tiksa*/

Som verb (å ha tics): *ticsa* – *ticsar* – *ticsa* – *ticsa*

tics kjem frå fransk og er fleirtal av *tic*. Det tyder ufriviljuge (involuntære) rørsler, helst som trekningar i større muskelgrupper på hovud og hals. Ordet vert normalt berre brukt fleirtal på norsk:

4.1 Normering av lykkje og løkke

Me meiner at normi må vera einskapleg og held fast ved at *lykkje* f. skal vera eineform i alle tydingar.

Arvid Langeland

leiar i Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk